



Ein kjempeinnsats vart gjort på Helgheim sist sommar og arbeidet held fram. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Medrekna dugnadsinnsats for 120.000 kroner blir det no satsa 410.000 kroner på opprusting og rehabilitering av Helgheim.**

Det går fram av finansieringsplanen som kasserar Lovise Herland Sunde har sendt kommunen i samband med at ho har søkt om kommunalt byggjetilskot.

Ungdomslaget har søkt to gongar tidlegare og og har fått 50.000 i stønad – det var første del av tilskotet.

Ungdomslaget har kome godt i gang med rehabiliteringa og kasseraren oppsummerar slik:

- Taket er tett, men det er nødvendig med ytterligere arbeid og material for ferdigstilling.
- Det elektriske anlegget er under utbetring, det er påbegynt men heller ikkje ferdigstilt.
- Nye vinduer er på plass.
- Varmepumper er innkjøpt.
- Måling av huset utvendig er utført

Det som står att er oppussing og rehabilitering av kjøkenet og pussing og lakking av golvet i storsalen – for å gjara huset meir brukarvennleg. Også denne kostnaden er med i finansieringsplanen.

Ungdomslaget har 50.000 i eigenkapital. I finansieringsplan reknar dei med eit lån på 100.000 og eit kommunalt tilskot på 140.000.

Håpet er at tilskotet kan bli gjeve i år slik at det påbegynte arbeidet kan fullførast.

Kostnadene fordeler seg slik:

Elektrisk anlegg 40.000, nytt tak 100.000, nye vinduar 70.000, varmpumper 30.000, brannører 25.000, maling av huset 40.000, nytt kjøken 75.000 og sliping/pussing av golv 30.000.

Av Ola Matti Mathisen



Edvin Kjærland og Audun Eik, to av eldsjelane som tar eit tak for Helgheim, vurderer her utskifting av ei dør. (Foto: Ola Matti Mathisen)